

# Rapport

## Samfunnskontrakten – utprøving av vekslingsmodell

Vi viser invitasjon og tildeling av midler til utprøving av vekslingsmodeller. I tildelingsbrevet ba vi om rapportering innen **1. februar og 1. juli hvert år**. Her er en mal for rapportering. Vi ber dere bruke malen. Bruk vedlegg for svar som ikke får plass i tabellen.

I følge tildelingsbrevet skal det rapporteres om **aktivitet** og **bruk av tildelte midler**.

Rapport for høsten 2016		
<b>1</b>	<b>Fylkeskommune:</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune Vekslingsmodeller Bygg- og anlegg - Stryn vidaregåande skule
<b>2</b>	<b>Kontaktperson i fylket:</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune: Kenth Rune Måren Teigen Stryn vidaregåande skule: Johanne Elisabet Sørdal
<b>3</b>	<b>Fylkeskommunens hovedmålsetting for tiltaket (2014-18):</b> Overordna målsettingar: <ul style="list-style-type: none"><li>+ Skule og næringsliv tek felles samfunnsansvar</li><li>+ Skule og næringsliv samarbeider om å skape fleksibilitet, relevans og kvalitet i opplæringa</li><li>+ Stryn vidaregåande skule ønskjer å profilere seg som ein moderne og utviklingsorientert vidaregåande skule med profesjonell opplæring og yrkesutøving</li><li>+ Næringslivet i Stryn og Nordfjord kan profilere seg som attraktive tilbydarar av lærepassar og kompetansearbeidsplassar – lærepassgaranti til elevar-</li><li>+ Auka gjennomføring</li><li>+ Auka rekruttering og status til yrkesfaga</li><li>+ Tidleg erfaring og kunnskap om lokalt næringsliv kan føre til at fleire unge vel utdanning og jobbe lokalt</li></ul>	
<b>4</b>	<b>Fylkeskommunens delmål for skoleåret 2016-2017:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>+ Prøve ut og vidareutvikle ulike modellar</li><li>+ Bygge nettverk</li><li>+ Kvalitetssikre formalitetar og standarar</li><li>+ Invitere Måløy vidaregåande skule som samarbeidspart i utprøving av vekslingsmodellar</li><li>+ Faglærarar på VG1 hospiterer i fag / fagområde som skulen / fylkeskommunen ikkje kan tilby på VG2 nivå som malarfaget, murarfaget og rørleggjarfaget</li></ul>	

## Aktiviteter høsten 2016:

I felles programfag på vg1 vart det sett fokus på opplæring i grunnleggande ferdigheter, der elevane fekk opplæring i HMS, verktøylære og materiallære. Parallelt vart opplæringa i yrkesfagleg fordjuping (YFF) nytta til informasjon om yrke og utdanning i bygg- og anleggsfaga, ulike bedriftsbesøk, informasjon om dei ulike lærefaga og innføring i vekslingsmodellane som skulen kunne tilby.

Foreldra til vg1 elevane fekk også informasjon om korleis skulen arbeider med val av fag/yrke og ulike vekslingsmodellar på haustmøtet.

Utover hausten hadde opplæringa i felles programfag fokus på grunnleggande kunnskap og ferdigheter i dei ulike lærefaga.

Opplæringa var modulbasert og tok for seg følgjande lærefag: Tømrar, betong, mur, anlegg, røyrleggjar og målarfaget. Gjennom teori og praksis i felles programfag og YFF fekk elevane arbeide med nivådiffreserte arbeidsoppgåver knytt til dei ulike fordjupingane. Elevane vart og gjort kjent med kvalifikasjonskrav knytt til dei ulike modulane.

Endring i skulestrukturen og nedgang i elevtalet i Sogn og Fjordane utfordra oss som utprøvingsskule denne hausten. Vg1 tilbodet vart redusert med ei klasse, og vi har derfor i år mindre elevgrunnlag. Med 12 elevar på vg1 vil utprøvinga begrense oss på fleire fordjupingsområde.

Endringane utfordrar oss derimot til å sjå nye mulegheiter. Måløy vidaregåande skule ble invitert til å vere samarbeidsskule i utprøvingsprosjektet. Ein faglærar frå Måløy vgs var med på konferansen i Tromsø for å få kunnskap om og kjennskap til prosjekta som deltek i utprøvinga av vekslingsmodellar. Om vi får effekt av dette kommande skuleår er vanskeleg å seie noko om på noverande tidspunkt.

Før den første praksisperioden på vg1 i bedrift vart det sett fokus på korleis elevane skulle kvalifisere seg til praksis og kva som vart forventa av elevane. Vi valde i år å la den første praksisveka vere ei hospiteringsveke for eleven. Bakgrunnen for dette er at eleven ville vere betre budd til neste praksisperiode.

I fellesprogramfag på vg2 byggeteknikk starta elevane med djupdelæring i dei ulike fordjupingsfaga/yrka. Elevane får i oppstarten på vg2 opplæring i HMS og læreplanfesta kurs og sertifiseringar (sjå framdriftsplan for 2016-17).

Vekslingselevane som søkte veksling i 2+2 modellen deltek i grunnleggande teori og praksis på skulen i oppstarten. I tillegg deltek dei på HMS opplæring, kurs og sertifiseringar. Deretter startar dei på avtala bedrift med mengdetrening. Vekslingselevane i 2+2 modellen deltek og i avtala teoriopplæring i skule gjennom haustsemesteret.

Elevar som har søkt 1+3 modell er på skulen berre i fellesfaga.

Vi planla også ein studietur til Lillehammer vgs. For dei 4 faglærarane på bygg- og anlegg i Stryn. Lillehammer vgs har utprøvingsprosjekt på vekslingsmodellar og er ein av dei skulane som vi ser som nyttig for oss å kunne få erfaring frå. Studieturen var tenkt som inspirasjonsfaktor for faglærarane. Det vart vanskeleg å få til denne til denne turen på hausten, så vi har utsett den til vårhalvåret.

5

**Plan for våren 2017:**

Frandsritsplanen skisserer aktivitetane på vg1 og vg2 for våren 2017 i teori og praksis, både i felles programfag og YFF (plan vedlagt).

Elevundersøking syner at vi ikkje er gode nok på vurdering og vurderingskriterium på bygg- og anlegg. Dette vert ei prioritert oppgåve våren 2017. Vi ser at planlegginga og gjennomføring av moduloplæringa har teke mykje tid, og dokumentert og spesifisert vurdering har ikkje blitt så synleg som den burde vere. På den andre sida er lærarane på yrkesfag gode på å planlegge, gjennomføre og evaluere underveis, og der og då. Det er yrkesfagleg vurderingstradisjon at eleven skal sjå verdien av den teoretiske opplæringa og at eleven kan omsette kunnskapane til handling. Ofte vert denne vurderinga gjort der og då, og vil kanskje for eleven ikkje vere så synleg. Dette speglar yrkesfaglæraren sin «tause praksis». Kunnskap og erfaring frå «det doble praksisfeltet» legg fokus på heilheita av elevane si progressive læring. Dette er kanskje her den store forskjellen mellom akademisk og yrkesfagleg tradisjon ligg, der akademikaren ofte vurderer eleven sin kunnskap etter «reproduksjonsmetoden». Det kan vere vanskeleg å få fram dette i elevundersøkinga, då alle svarer på same spørsmål.

- 6** Vi ser at elevane på bygg- og anlegg har gjennomsnittleg godt og til dels høgt karakternivå, både i programfag og fellesfag. Å arbeide med konkretiserte vurderingskriterium fram over våren vil likevel bli ei prioritert oppgåve. I tillegg vert det ei prioritert oppgåve å finne felles plattform med Måløy vgs og korleis vi kan utvikle utprøvinga av vekslingsmodellar i fellesskap i regionen.

Ei anna prioritet oppgåve våren 2017 er at faglærarane hospiterer i fag / fagområde som skulen / fylkeskommunen ikkje kan tilby på vg2 nivå som malarfaget, murarfaget og røyrleggjarfaget.

Ein av dei nytilsette faglærarane på bygg- og anlegg er i ferd med å avslutte pedagogisk utdanning skriv også om bruk av fleksible opplæringsmodellar / vekslingsmodellar i si bacheloroppgave. Dette gir utprøvinga ved vår skule også eit grunnlag i teoretisk forsking. Same lærar har fått midlar til å hospitere i murarfaget. Vi arbeidar no for å få til eit utdanningsopphald for han på København tekniske skole i murarfaget. Vi har sidan 2009 samarbeidd med København Tekniske skole og har utveksla elevar og lærarar. Skulen på Glostrup er spesielt god på teglsteinmuring, og vi har fått mykje god læring der, ikkje berre fagleg, men også i pedagogisk oppbygging av opplæringa.

**Vurdering av måloppnåelse etter høsten 2016 (i hvilken grad går utprøvingen så langt i henhold til planene):**

- 7** Vi har vel stort sett hatt den ønskjelege måloppnåinga i opplæringa til elevane etter hausten 2016. Reduksjon i klassetalet på vg1 vart likevel ei begrensing i hh. til kunne prøve ut fleire fagområde og til å oppnå den vidareutviklinga vi ønskte. Det har gått mykje tid til å motivere lærarane til å sjå på muleheitene og ikkje begrensingane.

8	<p><b>Utfordringer:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● <b>Hvilke nye utfordringer ser fylkeskommunen etter høsten 2016?</b></li> </ul> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å hente erfaringar frå utprøving av vekslingsmodellen før dei kan tilby veksling som eit permanent tilbod.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● <b>Hvordan jobber fylkeskommunene med utfordringene?</b></li> </ul>
9	<p><b>Erfaringer:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● <b>Hva mener dere er suksessfaktorene i prosjektet?</b></li> </ul> <p>Sist skuleår hadde elevane høgt karakternivå både i programfag og fellesfag. Også i kroppsøving var det særskilt høgt karakternivå. I tillegg var det lite fråvær og elevane var presise og pliktoppfyllande. Dette var gjennomgående både for ordinære elevar og vekslingselevane. Vi trudde dette var eit «fenomen» for elevane i fjor.</p> <p>Etter avslutning av 1.terminin dette skuleåret ser vi dei same tendensane. Dette er interessant. Vi trur at dette kan knytas til trivsel og motivasjon, samt kvalitet og relevans i opplæringa. Vi trur også at når elevane får tidleg fordjupe seg i ønska lærefag og dei opplever mengde- og djupdelæring i sitt fagfelt føler dei mestring og motivasjon. Dette speglar trivsel og gir gode og motiverte elevar. Ei anna effekt av dette er at bedriftene får gode lærarar og fagarbeidrarar.</p> <p>Ein anna suksessfaktor er at vekslingselevane tek med seg verdifull læring og erfaring frå bedriftene tilbake til skulen. Dette gir positiv effekt både til skulen, lærarar og andre elevar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● <b>Ville dere gjort noe annerledes hvis dere skulle startet med veksling i dag?</b></li> </ul> <p>Vi brukte lang tid før vi vart einige om den / dei modellane vi skulle prøve ut i veksling. Vi hadde ei arbeidsgruppe med aktørar frå skule, næringsliv og opplæringskontor. Det var ein lang prosess på 6-7 mnd. før vi kunne starte opp. Vi sat likevel igjen med nyttig lærdom om at det ikkje alltid er enkelt å drifte utviklingsarbeid «i spennet mellom elevane sitt ønskje og næringslivet sitt behov».</p> <p>Eit anna moment er også at det å drive endringsprosessar gjennom utviklingsarbeid i skulen kan vere utfordrande i ein organisasjon. Det tok tid å få faglærarane til å sjå verdien av at endringsarbeid kan vere positivt og motiverande både elevar og lærarar.</p> <p>Dersom vi skulle starte med veksling i dag ville vi ha starta opp mykje raskare og heller knytta til oss aktørar frå næringsliv og opplæringskontor underveis i oppstartperioden. Vi trur at det hadde vore enklare å møte dei ulike problemstillingane underveis i prosessen.</p>

## Ressursbruk 2016 og budsjett for 2017

### Overordnet (1 A4 ark)

### Budsjett og forbruk 2014-18

Tekst	Beløp År 1	Ressurs- bruk	Beløp År 2	Ressurs- bruk	Beløp År 3	Budsjett
Prosjektmidlar	200.000,-		200.000,-		200.000,-	
Prosjektleiar		64.020,-				
Lærar 1		51.950,-		82.250,-		82.250,-
Lærar 2		37.646,-		63.638,-		63.638,-
Lærar 3		37.540,-				
Adm. Kost.		8.844,-		54.112,-		54.112,-
Total	200.000,-	200.000,-		200.000,-		

Kommentarar til budsjett og ressursbruk:

I oppstart av vekslingsmodellen brukte vi mykje ressursar til planlegging og igangsetting av dei ulike aktivitetane både internt og i samarbeid med bedrifter og opplæringskontor. Det var ein tidkrevande prosess og både prosjektleiar og faglærarar brukte mykje tid.

10

År 2 gav oss eit betre utgangspunkt til å planlegge gjennomføringa av ulike vekslingsmodellar. Vi har frikjøpt to lærarar i henholdsvis 22 og 10% av lærarstillinga til å ha spesielt fokus på gjennomføring av vekslingsmodellane. Den frikjøpte tida har vore nytta til enkelteleven, til elevane totalt, modulbaserte undervisningsopplegg, djubdelæring i teori og praksis i dei ulike lærefaga, til foreldresamarbeid, til samarbeid med bedriftene, utarbeiding av formalitetar og standarar.

Bruk av administrasjonskostnad	
Nettverkssamling i Tromsø	Kr. 29.120,-
Studietur til Lillehammer	Kr. 12.000,-
Faglitteratur	Kr. 1.692,-
Reiseutgifter bedriftsbesøk	Kr. 3.500,-
Administrasjon	Kr. 7.800
Total	Kr. 54.112,-

Dei resterande administrative kostnadane vil bli nytta på våren til opparbeiding av nye nettverk og lærarsamlingar då vi er to skular som skal utarbeide felles strategiar.

Budsjettet for år 3 er lagt utifrå erfaringane på år 2.

	<p><b>Hva mener dere er kostnadsdrivende ved å organisere opplæringen i vekslingsmodeller?</b></p> <p>Vi har brukt mykje tid på enkelteleven, samt utarbeiding av nye undervisningsopplegg, basert på modularopplæring. Utarbeiting av formalitetar og standarar.</p> <p><b>11</b> Nettverksbygging med nye bedrifter og fagområde har vore krevande, spesielt med tanke på eleven si opplæring, oppfølging og gjennomføring. Men – resultatet har blitt lærekontrakter til alle vekslingselevane som hadde intensjonsavtale med bedrifta. Dei ordinære elevane som ønskjer lærepass har også fått det.</p> <p>Planlegging, gjennomføring og evaluering underveis i utprøvingsperioden har også krevd mykje tid til felles møter.</p>
<b>12</b>	<p><b>Annet:</b></p> <p>Vil også nytte høve til å gi tilbakemelding til Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Vi ser det som særstakt positivt at Utdanningsdirektoratet gir denne muligheten til utprøving av vekslingsmodellar til skulane. Vi får tilegne oss verdifull erfaring som vil vere nyttig ikke berre for det utdanningsprogrammet som får delta, men også på sikt for dei andre yrkesfaglege utdanningane. Dei ulike vekslingsmodellane og erfaringane kan lett overførast til andre yrkesfaglege utdanningsprogram.</p> <p>Dei årlege nettverkssamlingane i regi av Utdanningsdirektoratet vore svært lærerike og nyttige. Disse har vore organisert tverrfagleg og vi har fått innblikk i korleis andre programområde planlegg og gjennomfører utprøvinga. Kanskje det for eksempel neste år kunne vore ein felles tverrfagleg del og ein fagspesifikk del der aktørane får utveksle og diskuterte ulike problemstillingar?</p>
	<p><b>Vedlegg</b></p> <p>Oversikt over vekslingsmodellar</p> <p>Framdriftsplan 2016-17</p> <p>Informasjon om ulike vekslingsmodellar</p>